


# ÅRSMELDING 2023

Klivrelaget



## Styret 2023

Leiar:	Tobias Hatløy
Nestleiar:	Håkon Igland
Styremedlemmar:	Lisbeth Longva, Carl Arthur Røkke Sunde, Jan Einar Hovden, Hans Olav Lee og Astrid Flister
Varamedlemmar:	Vegard Flister
Revisorar:	...
Valkomite:	Leif G Brandal og Jon Kåre Myrvågnes
Kontrollkomite	Henning Langeland og Sindre Moltu

## Styret sine aktivitetar

---

Å drifte hallane til klivrelaget er ei solid arbeidsmengde. Så det blir jamt over noko å ordne opp i eller forholde seg til. Vi har holdt styremøter omlag kvar 3 månad og kommunisert ein heil del via eternettet underveis for å ta tak i saker som dukker opp. Styremedlemmane har stått på og gjer ein god innsats for at klatring skal vere ein rimeleg og tilgjengelig aktivitet i nærmiljøet. Gjennom dei siste åra har interessa for å bygge buldrehall blitt større og større. Noko vi tek sikte på støtte oppunder vidare. Dog viser det seg utfordrande og arbeidskrevande å kome vidare i ein slik prosess med rådande økonomiske utvikling i samfunnet. Buldrekomiteen holder stand og nærmar seg stadig eit mål om å utvide buldrefasilitetane i siloen på Osneset.

### STYRET

Nytt styre vart kontinuert etter årsmøte i 2023. Tobias forsatte som leiar og Håkon Igland kom inn som nestleiar i styret.

Booking og vakter	Lisbeth
Medlemsansvarlig	Jan Einar
Eventer, media	Astrid
Media og Ungdomsansvarleg	Hans Olav
Økonomiansvarlig	Carl Arthur
Buldrekomitee	Johannes, Håkon, og Henning

### DRIFT AV KLATREVEGGEN PÅ ULSTEIN ARENA

Aktiviten ruslar og går på Ulstein Arena. Vi får stadige spørsmål om ulike variantar av innbetaling frå medlemmar og besøkande. Vi har forsøkt å legge all betaling av drop-in via resepsjonen, men ikkje implementert det fullt og heilt da vi avventar suksess. Det har blitt stadig fleire åpningstider i kalendaren med stort engasjement rundt juniorklatring og no snart barneklating. Vi håper at dette aukar aktiviten og medlemsmassa i framtida. Dameklatinga har vore lite besøkt, men klubbklatinga er i emning.

Aktiviteten virkar å vere stigandes ifht fjoråret.

## **DUGNADEN på Ulstein Arena**

Vi fekk gjennomført den i god stil i slutten av november. Alle taka blei tatt ned, klatretak blei vaska, festepunkt til vegg og alle hengarane blei sjekka. Årets ruteskruar var Øystein Dahl, Axel Nicodemus og lokale ruteskruarar frå klubben. Sluttresultatet blei eit ruteutvalg som dekkja behovet til dei fleste klatrarane. Det var godt med deltakelse og god ånd for å kome i mål med årets jobb.

## **NETTSIDE**

Er stadig under oppdatering og her ønsker ein å formidle prisar, åpningstider, klubbinformasjon, klatrefelt og svar på vanlege spørsmål. Aktivitet i klubben forsøker vi å publisere gjennom Facebook, Instagram og SPOND. Bruken av spond har virka å vere bra for å organisere klivrelaget sine aktivitear i eit ryddig system, men eit lite hinder om ein ikkje har installert denne appen. Så om det er suksess eller ei er vanskelg å seie heilt enda.

Trenger at klubbmedlemmar sender inn bilde så det blir meir aktivitet på gruppene.

## **BOLTING PÅ UTEFELTA**

Tore Lundberg styrer fortsatt på ytre strøk og har fått lagt inn fleire nye ruter på Blåfjellet og andre felt i nærområdet.

Det er tiltenkt å satse på Roppehornet og Gåsneset ila 2024. Kanskje bør vi også kike litt på Veten og Kjerringa også i dei komande åra. Her er rutepotensiale av lengre sort. Det blir då viktig å avtale med grunneigar før ein begynner på slikt. Det gjelder også det gamle feltet på Dimna om ein skal utføre dugnadsånd der.

Ellers har forbruket av boltar gått noko ned det siste året. Så lageret på Ulstein Arena er fortsatt godt supplert til komandes ivrige sjeler.

Klivrestyret er i gang med å lage seg ei oversikt på alle ruter i området så vi kan fokusere på vedlikehald dei komande åra og oppdatere felta i god stand. Der trenger vi hjelp frå alle lokale klatrar og sender ut informasjon om korleis ein kan bidra til dette ila våren.

## **KLUBBAKTIVIET**

Det er blitt gjennomført ein del brattkorkurs ila 2023. Vi har forsøkt å holde oppsatt plan for skape eit forutsigbarheit på når kursa er samt at ein får tid til reklamering og organsiering i forkant. Føreløpig har alle kurs hatt god deltakelse og etterspørselen er større enn tilbudet.

Vi fekk organisert ei klatresamling i Vengedalen ila hausten. Her vart det medium suksess med deltakelsen da guiden som skulle ta med ei gruppe blei sjuk. I tillegg vart det fråfall grunna sjukdom og matforgiftning frå ein pakke med real turmat. Alt i alt blei vi fire stykk til topps av Romsdalshorn den helga. Så for dei fire vart helga ei fin opplevelsen med utopping i t-skjorte og påfølgande bading med soling som kveldsunderholdning.

Ila hausten har aktiviteten vore ok i hallen. Offshoregutta regjerer på dagtid og A4-folket herjar hallen på kveldstid og ungdommen har kome sigandes til med juniorklatringa. Så det lovar godt. Vi ønsker å fortsette med juniorklatring i 2024 for å få med den yngre garde.

Klubbklatringa er på stigandes kurs!

## MEDLEMSTALL

Kategori	2021	2022	2023
Antalla medlemmar 2021	252	-	300 + 2 æresmedlemmar
Treningsavgift	176	-	164
Over 18år	180	-	112
Under 18 år	72	-	50

## ØKONOMI

Økonomien går godt. Vi har kjøpt inn etter beste evne og har investert for å gi tilbake til medlemmane. Det gjelder klatretak, boltar, drill, verktøy, og utstyr til ulån.

-

Proessen med å bygge buldrehall går treigt framover. Vi er på eit stadie der vi aventar om bankane vil bli med på spleiselage. Styret har sagt at vi kan gå med på ein kostand på 3-5000,- per mnd, men alt over det må bankane eller bedriftene bidra med. Føreløpig er vi ikkje i mål med det da kostnadaen ligger på ca.25 000,- pr mnd per i dag.

Sannsynligvis vil kostnaden for å etablere buldrehall på Hasundgot vere noko slikt:

Leige av lokalet	14 - 15 000,- pr mnd
Straum	?
Bygge isolerande vegg	1 000 000
Bygge buldrevegg	2 - 2.5 000 000

Noko som vil tilsvare ei 25 000,- pr mnd for klivrelaget. Det er pengar vi ikkje har per i dag. Så her må det til ei stor innsamling av pengar for å kunne etablere ein slik hall. I mellomtida har vi då undersøkt fleire lokalitetar. Kan då nemnast bilhallen på Skeide, turnhallen på skeide, ein hall på Raftenestet(hareid) og UVS. Desse andre lokasjonane er billigare i etableringa, men vil gi dårligare tilgang. Føreløpig er alternativet med å utvide fasiitetane på Osnes den beste løysninga. Ein av dei lokale bankane har også sagt seg villig til å bidra inn mot dette.

Alt dette skal vi forsøke å informere om på årsmøte for å så ta diskusjonen.

## Årsberetning - Klivrestyret 2023